

Årsmøte i Nordfjord Golfklubb, 2018

Årsmøtet vart halde i Skreddarhuset, Øyane 11, torsdag 01.02.2018 frå klokka 18.30 til 19.30. Det var totalt 17 fram møtte, inklusive styremedlemmar. Årsmøtedeltakarane vart ynskte velkommen av styreleiar Kent Tryggestad

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden
2. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å skrive under protokollen.
3. Styrets årsmelding 2017
4. Rekneskap 2017 og budsjett 2018
5. Regulering av kontingent, greenfee, årskort
6. Val av leiar
7. Val av styremedlemmar, vara medlemmar og komitémedlemmar
8. Eventuelt.

Protokoll for Nordfjord Golfklubb

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Innkalling til årsmøte og sakliste var sendt til medlemmar på e-post, samt lagt ut på Nordfjord GK sin portal og sosiale media.

Vedtak: Innkalling og dagsorden vart samrøystes godkjend.

2. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å skrive under protokollen.

Møteleiar:	Kent Tryggestad
Referent:	Arild Hjelmeland
Protokollunderskriving:	Frode Nord og Bjørn Lien

Vedtak: Val av møteleiar, referent og to til å skrive under protokollen vart samrøystes vedteke

3. Styret si årsmelding.

Styret si årsmelding vart lest av Styreleiar.

Vedtak: Årsmeldinga vart samrøystes vedteken

4. Rekneskap og budsjett.

Kasserar, Helge Haugland presenterte rekneskapen for sesongen 2017 og budsjett for sesongen 2018.

Vedtak: Rekneskapen for 2017 og budsjettet for 2018 vart samrøystes vedteke.

5. Regulering av: kontingent, greenfee, årskort og baneandelar.

Regulering av medlemskontingent, greenfee og årskort vart handsama under årsmøte i Nordfjord Golfklubb – framlegg frå styret til årsmøte, ingen justering for sesongen 2018.

Kontingenten vert såleis slik, likelydande med 2017 sesongen:

- Medlemsskap senior – kr. 1.200,-
- Medlemsskap junior – kr. 600,-
- Medlem under 12 år – kr. 0,-
- Årsgreenfee senior – kr. 2.000,-
- Årsgreenfee junior – kr. 1.000,-
- Dagsgreenfee senior – kr. 200,-
- Dagsgreenfee junior – kr. 100,-

Vedtak: Kontingentar og greenfee vart samrøystes vedteke

6. Val av leiar.

Valnemnda ved leiar Bjørn Lien la fram forslag på leiar, Kent Tryggestad

Vedtak: Kent Tryggestad vert leiar for NGK for 2018, samrøystes vedtak.

7. Val av styremedlemar, vara medlemar og komitémedlemar.

Valnemnda ved leiar Bjørn Lien la fram forslag på styremedlemmar og komitémedlemmar:

Når det gjeld marknadsgruppe så har valnemnda fått denne på plass. Her bør styret og valnemnda finne kandidatar sjølve eller utføre arbeidet i styret..

Vedtak: Følgjande valprotokoll vart samrøystes godkjend av årsmøtet:

Valprotokoll for sesongen 2018


Gruppe	Verv	2018	På val
Styre	Leiar	Kent Tryggestad	2019
	Nestleiar	Jan Skogstad	2020
	Sekretær	Arild Hjelmeland	2019
	Kasserar	Helge Haugland	2020
	Styremedlem	Tore Henning Naustdal	2020
	Styremedlem	Frode Nord	2019
	Vara	Agnar Kvalsund	2019
	Grunneigar Grunneigar	Svein Fjørtoft Stephan ter Stege	- -
HCP – kontaktperson	Leiar	Kent Tryggestad	2019
Bane komité	Leiar	Tore Naustdal	2020
		Per Bøen	2019
		Kurt Hammerø	2020
		Per Bergheim	2020
		Finn Haugland	2020
		Svein Fjørtoft Stephan ter Stege	- -
Sports komité	Leiar	Frode Nord	2019
		Agnar Kvalsund	2019
		Bjørn Lien	2019
Medlem i Idrettsrådet, Eid kommune	Går ut		
Marknad	Leiar	Ingen framlegg	Styret

Skule kontakt	Leiar	Thomas Storøy	2018
Valnemnd Styrets innstilling	Valnemnd konstituerer seg sjølve	Markus Hjelmeland Jens Kristian Botn	2020 2020


8. Eventuelt

- *Kasserar orienterte om søknadsmogelegheiter samt tippemidlar til klubbhus.*

Nordfjordeid, 01. februar, 2018



-Frode Nord-



-Bjørn Lien-